

Ørsta kommune,
Dalevegen 6,
6153 Ørsta

03.01.2020

postmottak@orsta.kommune.no

Merknader til framlegg til detaljregulering for Område B9, Ose, saksnummer 19/10055

Syner til at Ørsta kommune har vedtatt å leggja framlegg til detaljregulering for nevnte sak ut på offentleg ettersyn.

Vi har følgjande merknader:

1. Jorda som her blir omregulert har svært god kvalitet. Det må difor sikrast god og tilfredsstillande handtering av jorda både i anleggsfasen, i samband med mellomlagring, og ikkje minst for etterbruk av jorda. Ut frå at jorda er av så god kvalitet må det sikrast at jorda blir brukt til matproduksjon også vidare framover.
2. I reguleringsføresegnene må det takast inn krav til samordna og heilskapleg jordhandtering som sikrar ivaretaking av den gode jordkvaliteten. Krav må vera i samsvar med retningslinjer gitt i hefta «Jordmassar – frå problem til ressurs». Det må difor leggjast fram ein plan som sikrar god handtering av jorda under anleggsperioden, som viser korleis mellomlagring skal vera og som fortel korleis etterbruken skal vera. Plan må godkjennast av landbruksansvarleg i kommunen.
3. Jorda er av så god kvalitet at den kun skal brukast som matjord/til planteproduksjon. Den må ikkje blandast med anna jord eller andre massar som gjer at produksjonsevna blir dårlegare. Jorda skal ikkje brukast til tilretteleggingsformål som t.d. grøntareal.
4. Nevnte plan skal sikra at jorda blir tatt i bruk som matjord. I praksis må jorda ofte transporterast til andre stader for at den skal kunne takast i bruk som matjord. Dette medfører transportkostnader, som må dekkast som ein del av kostnadane med utbygginga.
5. Det må sikrast og kontrollerast at entreprenørar og underentreprenørar følgjer plan og krav til jordhandtering. Det må også klargjerast kva som blir følgjene dersom plan og krav til jordhandtering ikkje blir gjennomført.
6. Vi saknar vurdering av jordkvalitet og klimaverknader. Dersom det her er rik CO2-lagring, etterlyser vi tiltak for å sikra CO2-bindinga i jorda.

Våre merknader er i hovudsak basert på følgjande:

A. Nasjonal jordvernstrategi

Stortinget vedtok i 2015 *nasjonal jordvernstrategi*, der målsetjinga er at det ikkje skal omdisponerast meir enn 4000 da pr år på landsplan. Fylkestinget i Møre og Romsdal vedtok i 2017 *Landbruksmeldinga for Møre og Romsdal 2017 – 2021*, der det heiter at Møre og Romsdal som minstemål må ta sin relative andel av dette, med ca 200 da pr år.

Dessutan vil vi særleg visa til brev frå landbruks- og matministeren til kommunane av 1.10.2018. Her blir det m.a. vist til *revidert nasjonal jordvernstrategi*, der målet er at omdisponeringa av dyrka jord må ytterlegare reduserast. Vidare heiter det m.a. at *landbrukets arealressursar generelt må sikrast* og at det må gjerast konkrete vurderingar i forhold til jordvern i kvar reguleringssak. Det må m.a. gjerast vurderingar i forhold til verdi, konsekvensar og overordna planar.

B. Vurdering av jordkvalitet, driftsforhold og verknad på klima

Innafor område B9 på Ose er det nesten 20 dekar flat, lett driven fulldyrka jord, i utgangspunktet og tilsynelatande fordelt på fleire eigarar. Areal blir hausta som leigejord.

Jordsmonnet på området er danna i elveavsetningar og er difor køyresterkt, samstundes som det ikkje er tørkeutsett. Arealet er tilnærma flatt, men fell svakt mot nord. Høgdeforskjellen frå sør mot nord på området er totalt ca 2 m over ein avstand på vel 200 m, noko som svarer til ca 1 % fall i terrenget frå sør til nord. Etter norske forhold er dette heilt flatt. Dette gjer at jordbruksareala innafor området er klassifisert som svært verdfulle basert på AR5 og DMK av NIBIO. Ut frå vår kunnskap om jordsmonn og konkret kjennskap til jordsmonnet på Ose, vil areala sannsynlegvis koma i dei to mest verdfulle klassane av jordbruksareal også basert på jordsmonn og terreng.

Vi har grunn til å tru at jordsmonnet Anthrosol opptre på delar av området som er under detaljplanlegging for utbygging på Ose. Anthrosol er eit menneskeskapt jordsmonn med mektig matjordlag grunna lang og intens dyrking. Det representerer difor både eit historisk arkiv og eit stort karbonlager. Potensialet for frigjering av karbon i form av CO₂ grunna utbygginga og nedbygging av jordsbruksareal er lite påakta som uheldig konsekvens av omdisponering og nedbygging av jordbruksareal. Vi kan ikkje sjå at faren for frigjering av det sannsynleg rike karbonlageret frå denne matjorda under anleggsperioden er vurdert. Vi fryktar difor at klimaavtrykket av denne nedbygginga vil bli relativt stort i forhold til arealet.

Ut frå det som her er nevnt i A og B, og ut frå at presset på dyrka areal i Ørsta kommune er rimeleg stort, må omfanget av nedbygging av dyrka jord klart reduserast, samt at det må sikrast at jord frå omregulerte areal blir brukt til matproduksjon på ein god måte.

Med helsing

JORDVERN MØRE OG ROMSDAL

Kolbjørn Gaustad

Atle Frantzen